



Ullensvang kommune brann og redning
Opheimsgata 31
5750 Odda

Sakshandsamar:
Anette Heggøy

Rapport frå inspeksjon med Ullensvang brann og redning sine brannøvingsfelt

Kontrollnummer: 2022.248.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Ole-Jørgen Jondahl (rådmann)
Randi Karin Habbestad (kommunalsjef)
Sigbjørn S Kleppe (brannsjef)
Bjørn Finne (varabrannsjef)
Stig Hope (beredskapsleder)
Anve Abelsen (innsatsleder/vedlikehald)
Ingve Rogne (leder beredskap)

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Anette Heggøy
Julie Marie Andersen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved brannøvingsfeltene til Ullensvang brann og redning den 1. september 2022. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekka 3 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

Avvik:

1. Verksemda si internkontroll har manglar
2. Verksemda har ikkje skriftlege rutinar for substitusjon
3. Verksemda si oversikt over reinseløysingar har manglar

Merknader:

1. Datablad for kjemikaliar er ikkje tilgjengeleg på lagerrom

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Julie Marie Andersen
seniorrådgjevar

Anette Heggøy
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

- Ullensvang kommune byggdrift

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

| | |
|---|---------------------------|
| Namn: Ullensvang kommune brann og redning | |
| Organisasjonsnr.: 973945637 | Eigd av: 920500633 |
| Bransjenr. (NACE-kode): 84.250 - Brannvern | |

Kontrollert eining

| | |
|---|---------------------------------------|
| Namn: Brannøvingslokalitetar tilhøyrande Ullensvang kommune brann og redning | Anleggsnr.: 4618.0072.01 m.fl. |
| Kommune: Ullensvang | Fylke: Vestland |
| Anleggsaktivitet: Brannøvingsplass | |
| Løyve gitt: | Sist endra: |

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sin landsdekkande tilsynsaksjon for brannøvingsfelt 2022. Inspeksjonen gjeld alle dei kommunale brannøvingsfelt i Ullensvang kommune.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48 og produktkontrolllova § 8.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Kjemikal
- Utforming av brannøvingsplassar
- Oppsamling – og reinsesystem

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Ullensvang kommune brann og redning pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 15. desember 2022** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 27. juni 2022. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Ullensvang kommune brann og redning betale eit gebyr på kr 21 000 for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland.

Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp*, www.norskeutslipp.no.

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda si internkontroll har manglar.

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd, punkt 6 og 7

Kommentarar til regelverket

Internkontrollforskrifta gir reglar om kva arbeidet med det systematiske HMS-arbeidet skal omfatte, og kva som skal dokumenterast skriftleg.

Risikovurderingar for ytre miljø

I samsvar med § 5 andre ledd punkt 6 i forskrifta må verksemda kartlegge og vurdere risiko for forureining av ytre miljø frå si daglege drift og verksemd. Risikovurderinga skal dokumenterast skriftleg, og omfatte alle aktivitetar som kan føre til forureining. På bakgrunn av risikovurderingane skal det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risikotilhøva.

Rutinar og avvikshandtering

I samsvar med § 5 andre ledd punkt 7 i forskrifta, pliktar verksemda å iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av lov. Rutinane skal dokumenterast skriftleg. Døme på aktuelle rutinar kan vere rutinar for kjemikaliehandtering, substitusjon, avfallshandtering, kontroll og vedlikehald av reinseanlegg og rutinar for avvikshandtering.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Risikovurderingar for ytre miljø

Det er ikkje utført miljørisikovurderingar for verksemda sine øvingsaktivitetar og daglege drift. Verksemda si lagring av brannskum ved Odda brannstasjon er ikkje risikovurdert.

Aktuelle risikovurderingar som bør kome på plass er eksempelvis vurdering av risiko knytt til kjemikaliehandtering (lagring, påfylling, bruk), avfallshandtering og utslepp frå øvingsaktivitetar.

Rutinar og avvikshandtering

Det er ikkje laga skriftlege rutinar for m.a. øvingsaktivitet ved dei ulike øvingsfelt, kjemikaliehandtering og substitusjon (sjå avvik 3).

Ullensvang kommune har to ulike kvalitetssystem som er aktuelle å ta i bruk til avviksregistrering og handtering, Compilo og EQS, men Ullensvang brann og redning har endå ikkje etablert rutinar for avvikshandtering for si verksemd.

Avvik 2: Verksemda har ikkje skriftlege rutinar for substitusjon

Avvik frå:

- Produktkontrollova § 3 a
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

Kommentarar til regelverket

Produktkontrollova § 3 a seier at verksemder som nyttar produkt med innhald av kjemisk stoff som kan føre til verknad på det ytre miljøet, skal vurdere om det finst alternativ som fører med seg mindre risiko for slik verknad. Verksemda skal i så fall velje dette alternativet dersom det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Verksemder er altså sjølv ansvarleg for å aktivt vurdere dei kjemikaliane som blir brukt ved verksemda. Mindre skadelege alternativ skal veljast dersom dette kan gjerast utan urimeleg kostnad og ulempe. Utførte substitusjonsvurderingar skal dokumenterast skriftleg.

I samsvar med internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7 skal verksemda ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av lov. Rutinane skal dokumenterast skriftleg. Døme på aktuelle rutinar kan vere rutinar for kjemikaliehandtering, substitusjon, avfallshandtering, kontroll og vedlikehald av reinseanlegg og rutinar for avvikshandtering.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Verksemda nyttar brannskum som dei har fått opplyst frå leverandør at skal vere lite miljøfarleg. Verksemda har ikkje gjennomført ei sjølvstendig og systematisk gjennomgang av kjemikaliane som vert brukt ved verksemda og vurdert behovet for substitusjonsvurderingar.

Verksemda har heller ikkje nokon skriftleg rutine for jamlege substitusjonsvurderingar av sløkkemiddel og andre kjemikalier som vert nytta i verksemda.

Avvik 3: Verksemda si oversikt over reinseløysingar har manglar

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7 og punkt 8

Kommentarar til regelverket

Internkontrollforskrifta gir reglar om kva arbeidet med det systematiske HMS-arbeidet i verksemda skal omfatta, og kva som skal dokumenterast skriftleg.

I samsvar med internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7 skal verksemda ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av lov. Rutinane skal dokumenterast skriftleg. Relevante rutinar kan vere rutinar for korleis vedlikehald skal gjennomførast, drift av reinseanlegg og avvikshandtering.

I samsvar med internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 8 skal verksemda foreta systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som

føreset. Dette betyr at verksemda også må ha rutinar for å jamleg gå gjennomgå internkontrollen sin (som risikovurderingar, skriftlege rutinar etc.) og sørge for at den er fullstendig og oppdatert.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Verksemda hadde på tilsynet ikkje oversikt over om det var etablert reinseløysingar som oljeutskiljarar ved den nye brannstasjonen i Utne. I etterkant av tilsynet vart det opplyst at det er etablert ein oljeutskiljar ved Utne brannstasjon.

Ifølge verksemda er det avdeling byggdrift i Ullensvang kommune som har ansvar for oppfølging og vedlikehald av oljeutskiljaren. Ullensvang brann og redning bør som del av sin internkontroll, ha rutinar som sikrar at opplysningar om reinseresultat, det vil seie resultatata av prøvetakingar av oljeutskiljaren, inngår i informasjonsflyten mellom brannvesenet og avdeling for byggdrift. Dette slik at Ullensvang brann og redning har eit forhold til kva som skal til for å sikre god funksjon av oljeutskiljaren, og eventuelt kan tilpasse sine rutinar slik at utsleppskrava til utskiljaren¹ blir ivaretatt.

7. Merknader

Vi gav følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1: Datablad for kjemikalier er ikkje tilgjengeleg på lagerrom

Kommentarar:

Verksemda har datablad tilgjengeleg for brannskum som vert nytta til øving og i reelle brannar. Datablad var likevel ikkje tilgjengeleg på lagerrom for kjemikaliet.

Generelt bør datablad for aktuelle kjemikalier vere tilgjengeleg på alle stader der kjemikalia vert lagra og/eller handtert. Dette for at det skal vere enkelt for alt aktuelt personell å sette seg inn i korleis eventuelt søl eller lekkasjar skal handterast.

¹ Utsleppskrav for oljeutskilleren følger av forurensningsforskriften kapittel 15. Kommunen er myndighet for forurensningsforskriften kapittel 15.

8. Andre forhold

Øvingslokaliteter

Ullensvang kommune brann og redning har i dag totalt øvingsaktivitet på 10 ulike øvingslokaliteter. Dette er:

Fire brannstasjonar og eit øvingsfelt for røykdykking:

- Lofthus brannstasjon
- Odda brannstasjon
- Røldal brannstasjon
- Jondal brannstasjon
- Utne brannstasjon (ny)
- Knausen bomberom brannøvingsplass

Tre lokaliteter for pumpekjøring:

- Pumpekjøring Kinsarvik
- Pumpekjøring Utne
- Pumpeøvelse Røldal

Ein lokalitet for trafikkulykkeøving:

- Trafikkulykke-/pumpeøvelse Kinsarvik.

Tidlegare har det også vore aktivitet på lokalitetane Grimo brannstasjon, Trafikkulykkeøvelse Grimo, Bomberom Bygda og Hjøllotippen, men desse lokalitetane er ikkje lenger i bruk.

Brannstasjonen i Utne er ny og lokaliteten er ikkje registrert i Statsforvaltaren si oversikt over brannøvingsfelt i kommunen. **Statsforvaltaren ber om at Ullensvang brann og redning oversender koordinatar for dette øvingsfeltet slik at vi får oppdatert våre databasar over aktive øvingsfelt.**

Om øvingsaktiviteten og bruk av brannskum

Ullensvang brann og redning har generelt lite bruk av brannskum i sin øvingsaktivitet. Bruken av skum er avgrensa til sløkkeøvingar for publikum som øvingar for skular og for tilsette ved sjukeheimar. I tillegg vert det brukt noko skum ved nedbrenningsøvingar men desse skjer svært sjeldan (meir enn 1 år mellom kvar gong). Til sløkkeøvingane for institusjonar o.l. vert det brukt ein mobil tilhengar med øvingskar som kan tas ut på bakken. Det blir brukt propan som brennstoff og øvingssskum til sløkkeøving.

Følgande skumprodukt har blitt brukt, eller er i bruk ved verksemda:

- BIO FOR N frå BIOEX (skum på bilane - i bruk i dag)
- EE-3 Low Viscosity Training foam frå Perimeter Solutions (skum til øving - er i bruk i dag)
- EXPANDOL frå Angus Fire (brukt før 2006)

Ingen av skumtypane brukt ved Ullensvang brann og redning skal innehalde PFAS ifølge oversendte datablad. Skumtypane står heller ikkje på Miljødirektoratet si liste over brannskum som har vist seg å innehalde PFAS utan at dette går fram av databladet.

Ullensvang brann og redning har røykdykkingsøvingar ved øvingslokaliteten Knausen bomberom. Her blir det brukt forbrennings-sprit til å produsere varme. Røykpatroner blir brukt til å lage røyk. Det skjer ingen sløkkeaktivitet her.

Ullensvang brann og redning har også noko øving med Vest brann og redning sin mobile øvingskontainer som blir brukt til ulike øvingsaktivitet. Det blir berre brukt propan og vatn til øvingane som inneber sløkking.

Dei andre lokalitetane som er registrerte i Ullensvang kommune blir brukt til trafikkøvingar (som frigjering frå bilvrak) og til test av utstyr, i hovudsak test av vasslangar. Skumsystema på bilane blir også testa, men utsleppa er svært avgrensa.

Historisk øvingsaktivitet

Kva øvingsaktivitet som har gått føre seg på dei ulike lokalitetane historisk var ikkje kjent blant dei som var med på tilsynet, men truleg har bruken av skum til øving vore liten også tidlegare.

Datablad for kjemikalier

Ved gjennomgang av verksemda sine datablad for brannskum i etterkant av tilsynet vart det funne at databladet for øvingsskum (EE-3 frå Perimeter Solutions) ikkje var fullstendig. Databladet hadde eksempelvis ikkje detaljerte opplysningar om kva stoff brannskummet består av, eigenskapane til desse stoffa, korleis brannskummet skal lagrast eller korleis eventuelt søl skal handterast. Verksemda bør ha fullstendige datablad for alle sine kjemikalier tilgjengeleg. Datablada bør også vere på norsk. Dette for at det skal vere enkelt for alt aktuelt personell å sette seg inn i korleis eventuelt søl eller lekkasjar skal handterast.

Fullstendige datablad er også nødvendige i samband med substitusjonsvurderingar av kjemikalia.

Rettleiing om substitusjon

Miljødirektoratet sitt faktaark M-104/2014 gjev rettleiing om substitusjon og korleis dette bør gjerast². Miljødirektoratet har også utarbeida ein digital rettleiar om substitusjon: «Veileder - Erstatte farlige kjemikalier (substitusjon)» som er å finne på miljødirektoratet sine nettsider³.

Rettleiing om drift av oljeutskiljarar

Miljødirektoratet sitt faktaark M-30/2013 om drift av oljeutskiljarar gjev rettleiing om drift, vedlikehald og kontroll av oljeutskiljarar⁴.

² <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m104/m104.pdf>

³ <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/kjemikalier/for-naringsliv/erstatte-farlige-kjemikalier-substitusjon/>

⁴ <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M30/M30.pdf>

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 «Aksomhetsplikt» og 3a «Substitusjonsplikt»
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Forskrift om begrensning i bruk av helse- og miljøfarlige kjemikalier og andre produkter (produktforskriften) §§ 2-9 "PFOS i brannskum" og § 4-1, jf. Forordning (EU) 2019/1021 (Forordning om persistente organiske forbindelser) art. 3

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

1. HMS datablad på brannskum brukt ved verksemda